

Klage på vedtak, plan, planar om regulering til bustadområde på gr.24/br.4,10 og gr.24/br.13 og gr.25/br.7, 8, 30 med høyringsfrist 16.06.2017

Nedlagte gardsbruk fører til attgroing.

Vil med dette ha planen endra på areala som blir nytta til jordbruk

Område nr: B19 Namn på området: Bolstadhaugen Gbnr: 24/1, 3, 10, 25/7, 8-⁹Plandokumenta ligg på følgjande lenkje: - <https://kommunekart.com>

Småbruk

- Bøen og Bolstad sauesamdrift er ei registrert samdrift mellom 24/4,10 og 25/7,8⁹ med utvida beite på gnr.24/br.nr.13
- Bruka er i drift med sauehold der heile jorda blir beita på vår og haust, samt slått til for om sommaren.
- Dette året sender me 38 dyr til fjellbeite, men dette talet har vore over 70 dyr.
- Me har tankar om å auke drifta då neste generasjon vil ta over i nær framtid.
- For å auka beite og slåtteområde har bruka gått saman med fleire i Gjerde grunneigarlag om uttak av tømmer. Vestskog har vore på synfaring og me ventar på tilbod frå dei med vidare oppstart i september/oktober. Dette område er nytta til vår og haustbeite, men er også egna til grasslått.

Kulturminne

- Kyrkjevegen som går frå fjellgardane og vidare gjennom området, er i bruk og open for alle til rekreasjon og turområde.
- Vegen går gjennom husmannsplassen Skogatræ som det er skrive om.
- Me har planar om mogeleg å reisa opp att grindabygg på dei gamle murane som eit kulturminne, men også til bruk i forhold til gardsdrifta.
- Frå lanbrukskontoret har me fått innvilga tilskot for å byggje opp att og setje i stand utløa.

Oppvekst

- Barneskulen og barnehagen brukar område fast med turar frå skuleområde opp til Tovegstjørna/Froskedammen.
- Ungane treng naturopplevingar i nærområde der dei med anna kan sjå på beitande dyr.

Konskvens

Me kan ikkje sjå noko anna enn negative sider i planen i forhold til landbruk

- Samfunnet i dag går i retning med å ta vare på kultur, grønne område og kortreist mat.
- Med veg gjennom hagar og tun, vil heile Bøen lokalt bli rasert og folk vil flytta her i frå.
- Inntekta frå gardsdrifta blir teken bort. *g. Odskaldt eigen*
- Med veg gjennom Steinsland som tilførselsveg kan trafikken gå vidare til Hagabotnane og heilt til Kvitingen.
- Det kan passera fleire hundre bilar i tillegg til kva som går i dag, og dette er tankalaust.
- Hovudfartsåre igjennom eit bustadfelt er ei svært dårleg løysing.

Underskrivne støttar klage

Namn	dato
<i>Nouelle Bjelle</i>	<i>15/6-17</i>
<i>Harald Foss</i>	<i>15/6-17</i>
<i>Ingvil Karin Foss</i>	<i>15/6-17</i>
<i>Star Bolstad</i>	<i>15/6</i>

Gr.24/

SAMNÅGER KOMMUNE	
SENTRALADMINISTRASJONEN	
SAK NR	Gr./25 JNR
16 JUNI 2017	
EMNEKODE	
OBJEKTKODE	
SAKSH	GRADERING